

Møteprotokoll

for

Heradsstyret

Møtedato: 26.05.2021
Møtestad: Heradsstyresalen/Teamsmøte
Møtetid: kl. 14:00 – kl. 19:50

Digitalt møte via Teams/KommuneTV

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordførar
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Asgeir Presttun	SP	Medlem, sakene 037 – 041/21
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordførar
Aksel Mjøs	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem, sakene 045 – 046/21 og 048 – 049/21
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Jørgen Varden	AP	Medlem

Trude Tomren	MDG	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Helge Valestrand Edvardsdal	SP	For A. Presttun i sakene 042 – 049/21
Veronica Ahmer	H	Vara i sak 042/21
Glenn Andre Vik	AP	Jørgen Varden
Roy Håkon Jenssen	SV	Vara i sak 043/21
Synne Thunestvedt	SV	Vara for E.B.Lona i sakene 037 – 044/21 og 047/21
Dag Sveinung Åsheim	KRF	Vara i sak 042/21
Merete Birgitte Bortne	MDG	Trude Tomren
Else Kari Birkeland Solberg	FRP	Ellinor Therese Birkeland i sakene 042 – 049/21

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat.

Sakliste

Saknr	Tittel
037/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
038/21	Godkjenning av møtebok
039/21	Referatsaker og meldingar
040/21	Årsrekneskap og årsmelding 2020
041/21	Revidert prosjekt - samlokalisering brann/ambulanse/tekniske tenester
042/21	1.gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone - PlanID 46302019003
043/21	Prosjekt for vurdering av framtidig barnevernsamarbeid
044/21	Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte for Rema 1000 Lonevåg
045/21	Vevletveit - Krav om lovlegkontroll
046/21	78/16 - Krav om lovlegkontroll
047/21	Krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret sak 034/21 om kommunesamanslåing
048/21	Val av ny leiar i Arbeidsutval for innstilling til heradsstyret i valsaker
049/21	Interpellasjon

Temamøte kl. 14.00 – kl. 16.00

Før det ordinære møtet vart det halde temamøte med presentasjon av sektor Samfunnsutvikling.

Fjernmøte

Møtet vart halde som fjernmøte, av smittevernomsyn, jfr. kommunelova § 11-7.

037/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26.05.2021 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, stilte spørsmål flytting av sakene 045/21 og 046/21 til slutt i møtet må lukkast ved handsaminga."

Aksel Mjøs, H, viste til innsendt spørsmål, bruk av omsorgsløn og BPA i kommunen.

Ordførar, viste til at det ikkje ligg føre svar til dette møtet.

Aksel Mjøs, H, bad etter dette om skriftleg svar.

Johannes Haugland, SP, varsla spørsmål om veterinærtenesta i kommunen til slutt i møtet.

Bjarte Aarland, KRF, viste til innsend spørsmål plan mot skadeplantar som parkslirekne m.fl.

Ordføren, gjorde slikt framlegg om endra saksrekkjefølgje: "Sakene 045 og 46/21 vert handsama til slutt i møtet etter sak 049/21".

AVRØYSTING saksrekkjefølgje

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 037/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent med vedteken endring i saksrekkjeføljga.

038/21: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

26.05.2021 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, bad om slik merknad til møteboka: "I sakene 034 og 035/21 vart det gjort feil i samband med lukking av møtet. Det vart ikkje røysta over lukkinga."

AVRØYSTING

Merknad frå FRP	-	fall med 19 røyster (5SP,4H,4AP,3KRF,1V,2SV) mot 7 røyster (6FRP,1MDG)
Innstillinga	-	samrøystes vedteken

HS - 038/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 07.04.21 vert godkjend.

039/21: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

26.05.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	-	samrøystes vedteke
-------------------------	---	--------------------

HS - 039/21 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

040/21: Årsrekneskap og årsmelding 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekka inn av disposisjonsfondet.»

05.05.2021 FORMANNSKAPET

Økonomisjefen møtte og presenterte årsrekneskapet og svara på på spørsmål knytt til dette.

Kontrollutvalet sin uttale til Årsrekneskap 2020, sak 016/21, vart delt ut i møtet. Det vart halde pause i møtet frå kl. 13.55 - kl. 14.05 slik at formannskapet kunne lesa gjennom uttalen.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

FS - 031/21 VEDTAK:

**«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.
Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekka inn av disposisjonsfondet.»**

26.05.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTiNG

Formannskapet si innstilling -samråystes vedteken (6FRP,5SP,4H,4AP,3KRF,2SV,1V,1MDG)

HS - 040/21 VEDTAK:

**«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.
Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekka inn av disposisjonsfondet.»**

041/21: Revidert prosjekt - samlokalisering brann/ambulanse/tekniske tenester

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gir rådmannen mynde til å gå lysa prosjektet ut på tilbud som totalentreprise med forhandling og maksimal kostnadsramme på 40 millionar eks mva. Tilbodspapira skal innehalda etterhald om politisk godkjenning før kontraktskriving.

26.05.2021 HERADSSTYRET

Frode Flesland, SP, bad om gildskapsvurdering for sitt vedkomande grunna samarbeidsavtale med Osterøy Entreprenør AS om utvikling av areal på Espevoll - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap

Johannes Haugland, SP, bad om gilskapsvurdering då kommunen leiger lokale hjå hans son på Hauge til tekniske tenester;brannsstasjon - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap

Øyvind Litland, AP, bad om gilskapsvurdering for sitt vedkomande grunna familietilknyting til tomteeigar (bestefar til til Nils Skerpings dotter) - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap

Kjellaug Hartveit, SP møtte som vara - 24 medlemmer/varamedlemmer til stades

Ordføraren viste til at saka gjeld finansieringsramme for nytt bygg. Tomtevalet er avgjort.

AVRØYSTING gildskap

Frode Flesland, SP - vart kjend gild med 23 røyster (4SP,3AP,4H,1V,2SV,5FRP,3KRF,1MDG)
mot 1 røyst (S. Tyssebotn, FRP)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, då ein ikkje vurderer tomteeigar som part i denne saka som gjeld nytt kommunalt bygg, og ikkje val av tomt. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Johannes Haugland, SP- vart samrøystes kjend gild (4SP,3AP,4H,1V,2SV,1MDG,6FRP,3KRF)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, då ein ikkje vurderer utleigar som part i denne saka som gjeld eit nytt kommunalt bygg som ikkje vedkjem kommunen sitt leigetilhøve på Hauge. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Øyvind Litland, AP - vart samrøystes kjend gild (4SP,3AP,4H,1V,2SV,1MDG,6FRP,3KRF)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav, b, då ein ikkje vurderer tomteeigar som part i denne saka som gjeld nytt kommunalt bygg, og ikkje val av tomt. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Frode Flesland, SP, Johannes Haugland, SP og Øyvind Litland, AP, kom tilbake til møtet - Kjellaug Hartveit, SP, forlet møtet - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades

Kommunalsjef sektor for Samfunnsutvikling og Siv.ing. Kjell Kvam, Erstad & Lekven Bergen AS deltok i møtet ved handsaminga av denne saka.

Kjell Kvam gav ein kort presentasjon av foreslått gjennomføringsmodell; pris- og designmodell med samspel.

Brev datert 25.05.2021 frå Helse Bergen om ny ambulansestasjon vart send til heradsstyret før møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Prosjektet om samlokalisering vert skrinlagt. Kommunen arbeider vidare med å anten bygge eller leige ny brannstasjon og lokale for utespasjon. Budsjetttramme vert innvilga etternærere søknad. Osterøy kommune hjelper Helse Bergen med å få eigna lokale i Oddalsmyra, hjå annan utleigar. Grunngjeving: Kostnad for prosjektet er no vorte så stor at kommunen ikkje har høve til å ta ei så stor investering. Det er difor trong for å nedskalere prosjektet ytterlegare enn det som her er skissert. Løysing med anna utleigar vil etter alle solemerke gje eit innflytningsklart lokale for Helse Bergen noko raskare enn om kommunen skal ta dette sjølv."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

FRP sitt framlegg	-	6 røyster (6FRP)
Rådmannen sitt framlegg	-	20 røyster (5SP,4H,4AP,3KRF,2SV,1V,1MDG)

HS - 041/21 VEDTAK:

"Heradsstyret gir rådmannen mynde til å gå lysa prosjektet ut på tilbud som totalentreprise med forhandling og maksimal kostnadsramme på 40 millionar eks mva. Tilbodspapira skal innehalda atterhald om politisk godkjenning før kontraktskriving."

Asgeir Presttun, SP, fekk permisjon frå møtet etter sak 041/21 – Helge Edvardsdal Valestrand, SP, møtte som vara.

Else Kari Birkeland Solberg, FRP, kom til møtet etter sak 041/21.

27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

042/21: 1.gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone - PlanID 46302019003

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone, planID 46302019003 med plankart dagsett 21.02.21, føresegner dagsett 07.04.21, planskildring dagsett 22.02.21, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Aksel Mjøs, H, bed om vurdering av gildskap, som ein av tiltakshavarane for planen.

Marit Adelsten Jensen, MDG, bad om vurdering av sin gildskap som nær ven av to av tiltakshavarane. Dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Johannes Seim Mjelde, V, møtte som vara for Marit A. Jensen - 4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

AVRØYTING gildskap

Aksel Mjøs, H, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1V)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Aksel Mjøs, H, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 1.ledd, bokstav a, *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltingssak når han selv er part i saken*; Aksel Mjøs er ein av tiltakshavarane og såleis part i saka.

Mart A. Jensen, MDG, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1V)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Marit Adelsten Jensen, MDG, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 2. ledd - *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nært personlig tilknytning til*. Utvalet fann at det nære venskapskapsforholdet med to av partane i saka inneber at det føreligg "særegne forhold" som er eigna til å svekka tilliten til hennar upartiskheit i saka, og at utfallet av saka vil vera svært viktig for partane i saka.

AVRØYTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd (1AP,1SP,1FRP,1V)

PL - 028/21 VEDTAK:

"Framlegg til detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone, planID 46302019003 med plankart dagsett 21.02.21, føresegner dagsett 07.04.21, planskildring dagsett 22.02.21, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10."

26.05.2021 HERADSSTYRET

Aksel Mjøs, H, bad om vurdering av gildskap, som ein av tiltakshavarane for reguleringsplanen - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Kari Mjøs, KRF, bad om vurdering av gildskap, som ein av tiltakshavarane for reguleringsplanen - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Veronica Ahmer, H, og Dag S. Åsheim, KRF, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til

stades

AVRØYSTING gildskap

Aksel Mjøs, H - vart samrøystes kjend ugild

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Heradsstyret kjende Aksel Mjøs, H, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 1.ledd, bokstav a, *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningsak når han selv er part i saken;* Aksel Mjøs er ein av tiltakshavarane og såleis part i saka.

Kari Mjøs, KRF - vart samrøystes kjend ugild

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Heradsstyret kjende Kari L. Mjøs, H, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 1.ledd, bokstav a, *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningsak når han selv er part i saken;* Kari L. Mjøs er ein av tiltakshavarane og såleis part i saka.

AVRØYSTING

Plan- og kommunalteknisk utval si innstilling - samrøystes vedteken
(7FRP,5SP,4H,4AP,3KRF,2SV,1V,1MDG)

HS - 042/21 VEDTAK:

"Framlegg til detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone, planID 46302019003 med plankart dagsett 21.02.21, føresegner dagsett 07.04.21, planskildring dagsett 22.02.21, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10."

043/21: Prosjekt for vurdering av framtidig barnevernsamarbeid

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert teken til vitande.

05.05.2021 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilråddd.

FS - 032/21 VEDTAK:

"Saka vert teken til vitande."

26.05.2021 HERADSSTYRET

Tone Mjelde, SV, bad om gildskapsvurdering for seg som tilsett i barnevernstenesta i kommunen, ho har ikkje leiarrolle og har ikkje ansvar i prosjektet - ho tok ikkje del i møtet ved handsaming av gildskap.

Roy Håkon Jensen, SV, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Ordføraren viste til at saka er på overordna nivå med vurdering av mogleg framtidig samarbeid.

AVRØYSTING - gildskap

Tone Mjelde, SV - vart samrøystes kjend gild

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Heradsstyret kjende Tone Mjelde gild, då ein fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer ho ugild etter fvl. kap. II, § 6, 1.ledd, og heller ikkje etter 2. ledd, *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til..* då prosjektet i denne fasen ikkje vil ha konsekvensar for tilsette.

Tone Mjelde, SV, kom tilbake til møtet - Roy Håkon Jensen, SV, gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING

Formannskapet si Innstilling - samrøystes vedteken (7FRP,5SP,4H,4AP,3KRF,2SV,1MDG,1V)

HS - 043/21 VEDTAK:

"Saka vert teken til vitande."

**044/21: Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte for Rema 1000
Lonevåg**

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Rema 1000 Lonevåg v/Lillefosse Handel AS, org.nr. 912790037. Salsstad: Butikklokale i Lonevågen 10.

Styrar for løyvet: Anders Lillefosse Eriksen, f. 15.06.1980. Stedfortredar: Jarle Bognøy, f.

28.11.1985.

Løyveperiode: 27.05.2021 – 30.09.2024.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og heilagdagar, 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende."

05.05.2021 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

rådmannen sitt framlegg vart samrøyistes tilrådd.

FS - 034/21 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Rema 1000 Lonevåg v/Lillefosse Handel AS, org.nr. 912790037. Salsstad: Butikklokale i Lonevågen 10.

Styrar for løyvet: Anders Lillefosse Eriksen, f. 15.06.1980. Stedfortredar: Jarle Bognøy, f. 28.11.1985.

Løyveperiode: 27.05.2021 – 30.09.2024.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og heilagdagar, 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende."

26.05.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling - samrøyistes vedteken (7FRP,5SP,4H,4AP,3KRF,1,2SV,1MDG)

HS - 044/21 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Rema 1000 Lonevåg v/Lillefosse Handel AS, org.nr. 912790037. Salsstad: Butikklokale i Lonevågen 10.

Styrar for løyvet: Anders Lillefosse Eriksen, f. 15.06.1980. Stedfortredar: Jarle Bognøy, f. 28.11.1985.

Løyveperiode: 27.05.2021 – 30.09.2024.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og heilagdagar, 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende."

ENDRA SAKSREKKJEFØLGJE

Sakene 045 og 046/21 vart handsama til slutt i møtet, etter sak 049/21, jfr. vedtak om endra saksrekkjefølgje i sak 037/21

047/21: Krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret sak 034/21 om kommunesamanslåing

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Vedtak i møtet 07.04.2021, sak 034/21 vert oppretthalde.

Krav om lovlegkontroll av vedtaket vert send Statsforvaltaren i Vestland til handsaming, jfr. kommunelova § 27-1, jfr. §§ 27-2 og 27-3.»

26.05.2021 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert teken opp att til ny avrøysting. Lovlegkontrollen vert ikkje send til Statsforvaltaren."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	20 røyster (5SP,4H,4AP,3KRF,2SV,1V,1MDG)
FRP sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)

HS - 047/21 VEDTAK:

«Vedtak i møtet 07.04.2021, sak 034/21 vert oppretthalde.

Krav om lovlegkontroll av vedtaket vert send Statsforvaltaren i Vestland til handsaming, jfr. kommunelova § 27-1, jfr. §§ 27-2 og 27-3.»

Elin Hege B. Brumer Bratvold, SV, kom til møtet etter sak 047/21 – Synne Thunestvedt, SV, forlet møtet – 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

048/21: Val av ny leiar i Arbeidsutval for innstilling til heradsstyret i valsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

26.04.2021 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)

Turid B. Njåstad, SP, vart foreslått som ny leiar i utvalet.

AVRØYSTING

Turid B. Njåstad - samrøystes vald

VN - 002/21 VEDTAK:

"Val av ny leiar for utvalet: Turid Bjørndal Njåstad, SP."

26.05.2021 HERADSSTYRET

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde på vegner av Arbeidsutvalet slikt framlegg: "Turid B. Njåstad vert vald som ny leiar i Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke

HS - 048/21 VEDTAK:

"Turid B. Njåstad vert vald som ny leiar i Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker."

049/21: Interpellaasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg

23.09.2020 HERADSSTYRET

Tone Mjelde, SV, la fram interpellasjonen og gjorde slikt framlegg: "Osterøy Heradsstyre set ned ei politisk arbeidsgruppe som skal kome attende med eit forslag til plan innan januar 2021 for korleis starte ein tillitsrevolusjon i Osterøy Kommune. Planen skal vere gjennomførbar i høve ressursane kommunen har tilgjengeleg."

Framlegget vart ikkje røysta over, jfr. nytt framlegg i saka.

AVRØYSTING

Framlegg om å ta saka opp til handsaming - vedteke med 24 røyster
(2SV,1MDG,1V,4H,4AP,7FRP,2SP,3KRF)

mot 3 røyster (3SP)

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt nytt framlegg: "Heradsstyret set ned ei politisk arbeidsgruppe som skal kome med eit forslag til plan for eit tillitsskapande arbeid i Osterøy Kommune. Valnemnda legg fram forslag for heradsstyret der alle partigrupper er representert og har mulighet til å delta. Det skal ikkje brukast administrative ressursar i dette arbeidet."

AVRØYSTING

SV sitt framlegg - samrøystes vedteke

HS - 073/20 VEDTAK:

"Heradsstyret set ned ei politisk arbeidsgruppe som skal kome med eit forslag til plan for eit tillitsskapande arbeid i Osterøy Kommune. Valnemnda legg fram forslag for heradsstyret der alle partigrupper er representert og har mulighet til å delta. Det skal ikkje brukast administrative ressursar i dette arbeidet."

26.05.2021 HERADSSTYRET

Turid B. Njåstad, SP, gjorde på vegne av Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker slikt framlegg:
"Politisk arbeidsgruppe: Bjarte Aarland, KRF, Eivind Marienborg, AP, Tone Mjelde, SV, Henrik Øksnes, FRP og Daniel Gullbrå, MDG. Arbeidsgruppa vel sjølv leiari."

AVRØYSTING

Arbeidsutvalet si innstilling - samrøystes vedteken

HS - 049/21 VEDTAK:

"Politisk arbeidsgruppe: Bjarte Aarland, KRF, Eivind Marienborg, AP, Tone Mjelde, SV, Henrik Øksnes, FRP og Daniel Gullbrå, MDG. Arbeidsgruppa vel sjølv leiari."

Sakene 045 og 046/21 vart handsama etter sak 049/21, jfr. vedtak om endra saksrekkjefølgje i sak 037/21.

045/21: Vevletveit - Krav om lovlegkontroll

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Vedtak av 07.04.2021 saksnr. 036/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret 07.04.21 saksnr. 036/21 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3."

26.05.2021 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert teken opp til ny førehaving. Saka vert ikkje sendt Statsforvaltaren til handsaming."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Rådmannen si innstilling	-	20 røyster (5SP,4H,3KRF,4AP,2SV,1V,1MDG)
FRP sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)

HS - 045/21 VEDTAK:

"Vedtak av 07.04.2021 saksnr. 036/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret 07.04.21 saksnr. 036/21 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3."

046/21: 78/16 - Krav om lovlegkontroll

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Vedtak av 07.04.2021 saksnr. 035/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i

heradsstyret 07.04.21 saksnr. 035/21 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3.

26.05.2021 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert ikkje teke opp att til ny førehaving. Saka vert ikkje send Statsforvaltaren til handsaming."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Rådmannen si innstilling	-	20 røyster (5SP,4H,4AP,3KRF,1V,2SV,1MDG)
FRP sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)

HS - 046/21 VEDTAK:

"Vedtak av 07.04.2021 saksnr. 035/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret 07.04.21 saksnr. 035/21 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3."

Andre saker/spørsmål

Johannes Haugland, SP, stilte følgjande spørsmål: «Veterinærtenesta på Osterøy.

Osterøy har i dag tre veterinærar, kommuneveterinær 1, kommuneveterinær 2 og ein tredje veterinær (kommuneveterinær 3 ?).

Kommuneveterinær 2 har for tida foreldrepermisjon og har vikar for seg. Frå 1/7 skal denne vikaren ut i svangerskapspermisjon. Den tredje veterinären er landtidssykemeldt. Då vert kommuneveterinær 1 einaste veterinær i Osterøy frå 1. juli. Då vert det vakt 24 timer i døgnet 7 dagar i veka, dette er ikkje haldbart. Det er 34 dagar til Osterøy berre har ein veterinær på vakt. Har Osterøy kommune ein plan på korleis dette skal løysast ?

Ordføraren viste til at ein vil koma tilbake med svar, då spørsmålet kom for seint inn til at ein kan gje svar i møtet.

Bjarte Aaland, KRF, stilte følgjande spørsmål: «Parkslirekne, hybridslirekne og kjempeslirekne er 3 plantar med relativt lik framferd og utsjånad. Felles for dei er at dei er på fremmedartslista i Noreg, og rangert som nokre av dei mest invasive arter i verda.

Plantene øydelegg jordsmonn, tettar drenering, fortreng naturleg tilhøyrande vegetasjon og var mellom anna sterkt bidragsytande til kostnadssprekken på ny E39 mellom Svegatjørn og Rådal.

Som så mykje anna, trivst desse plantene på Osterøy og finst i tidvis rikelege mengder. Mange kommunar har eige planverk for nedkjemping av denne svøpa. Har Osterøy noko tilsvarande? Om ikkje, føreligg det konkrete planar om utarbeidning av det?»

Ordføraren gav slikt svar: Kommunen har ingen eigen plan for å bekjempe parkslirekne o.l., men vi registrerer forekomstar i kart, så langt er det 3 registreringar som er gjort.

I avtalen om sal av kommunalt areal på Hamre til bruk for eldrebustader, ligg det inne sanering av parkslirekne.»

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Bjarte Aarland og Tone Mjelde

Lonevåg, 28.05.2021

Bente Skjerping
utvalssekretær